

Same prosedyre som sist for valet

08.09.2011



Valet i 2007 er igang og urna frå 1903 i funksjon.

Det er ingen endringar i prosedyren for valet samanlikna med valet for 4 år sidan. Det gjeld også dei stadane vi skal røysta her i Uskedalen. Aktivitetshuset er stemmetaden og røystesetelen ser ut som sist og skal handterast på same måten.  
Men let oss ta det systematisk. Har du fått valkort skal du ta det med, for det lettar prosedyren. Det gjeld både for fylkestingsvalet/kommunestyrevalet og kyrkjevalet. Du skal også ta med legitimasjon.



[Her skal du inn og velgja kommunestyre og fylkesting](#)

Når du skal stemme ved kommunestyre- og/eller fylkestingsvalet  
skal du gå inn gjennom døra som vender mot fjorden og  
badestranda. Der sit stemmestyret som også denne gongen blir  
leia av Åse Myklebust Neset og ellers består av Bjørgulv Eik, Brit Arnesen  
og Steinar Kroka. Arnesen er ny og erstattar Olaug Åsen. Henrik Lyse  
er varamedlem og han skal berre møte hvis nokon har meldt forfall.



[Her skal du inn hvis du skal velge sokneråd og bispedømmeråd](#)

Denne gongen er du ein av 763 som har røysterett i Uskedalen - 2 færre enn for 4 år sidan. Du har 9 lister å velgja mellom ved kommunestyrevalet og 15 ved fylkestingsvalet.

Det første som skjer er at du blir sjekka mot manntalet.

Så er du innom standen der setlane er utlagt og så går du til avlukket. Garderobane gjer teneste som det denne gongen. I avlukket kan du gje personrøyster til kandidatar du ynskjer skal bli valde. Korleis det skal skje står på setelen.


Deretter gjer du noko det ofte blir synda mot - du brettar setlane med partinamnet inn slik at ingen kan sjå kva du røystar. Det er viktig å presisera at det ikkje skal nyttast konvolutt eller anna omslag. Setelen for fylket er blå og for kommunen grå.

Så går du og får stempel på utsida av setelen og legg han endeleg i urna, kanskje i den som skriv seg heilt frå 1903! Røystinga finn stad frå klokka 11 til 19. Rundt klokka 19.30 blir resultatet av Uskedalsvalet køyrt til Rosendal med drosje for telling og så startar nokre superspennande timer....

Stemmestyret i Uskedalen har gjerne ei hard økt samanlikna med andre stemmestyrer reportaren har opplevd. Heile styret er i arbeid i dei 8 timane valet varer og dei får ikkje servering. Men det er sjølv sagt ikkje forbode å spandera ein vaffel eller to på dei som gjer ein så viktig safunngsgjerning....

Når det så gjeld kyrkjebalet finn det som sist stad i foajeen med inngang gjennom dei gule hovud-dørene. Vi kjem att med ein spesiell omtale av dette valet, der du kan røysta hvis du er medlem av kyrkja og har røysterett ved andre offentlege val.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Denne sida skal ut på setelen, så ser ingen kven du har røysta på. Klikk på biletet, så får du fram kva du kan gjera av rettingar